

# Informasjon om Tarmscreeningprogrammet

**Kreft i tjukk- og endetarmen rammar fleire enn 4500 personar i Noreg kvart år. Om lag 1600 døyr årleg av sjukdommen. Ved screening kan tarmkreft bli oppdaga før sjukdommen har byrja å gi plager. Då aukar moglegheita for å overleva.**

Frå du er 55 år får du tilbod om å delta i det nasjonale screeningprogrammet for tarmkreft. Dette er eit frivillig helsetilbod.

I dette i informasjonsskrivet kan du lesa meir om Tarmscreeningprogrammet slik at du sjølv kan ta stilling til om du ønsker å delta.

## Tarmkreft gir få symptom


Dei fleste som får tarmkreft er over 55 år. Sjukdommen utviklar seg frå små utvekstar, polyppar, i tarmen. Polyppar er vanlege, og vi finn dei hos ein av fire 55-åringar.

Dei fleste polyppar gir ikkje plager, men nokon kan veksa og etter kvart utvikla seg til kreft. Kreft i tarmen kan vera vanskeleg å oppdaga. Symptom kjem seint og kan lett bli forveksla med vanlege mageplager.

## Symptom på kreft i tarmen kan vera

- endring i avføringsmønsteret
- ei kjensle av at tarmen ikkje blir tømmt ordentleg
- magesmerter
- blod i avføringa
- vektta

Dersom du opplever slike plager, bør du ta kontakt med lege. Då skal du ikkje venta på invitasjon til screeningprogrammet.



Polyppar er små utvekstar i tarmen.

**Arv:** Risikoen for tarmkreft aukar dersom nokon i næraste slekt har eller har hatt tarmkreft. Dei fleste tilfella oppstår likevel utan at andre i slekta har hatt sjukdommen.

**Livsstil:** Overvekt, lite fysisk aktivitet, lite fiber i maten, tobakk og alkoholbruk aukar risikoen. Men sjølv om du lever sunt, er det ingen garanti mot å få kreft i tarmen.

## Kva er tarmscreening?

Eit anna ord for screening er masseundersøking. Screening inneber å leita etter noko som er skjult. Ved tarmscreening leitar ein etter kreft og forstadie til kreft i tarmen. Målet er å finna desse før dei gir nokon plager.

Screeningmetoden som blir nytta i det norske screeningprogrammet er ein test for blod i avføringa. Dei fleste som deltar vil ikkje få påvist noko unormalt. Nokon vil ha behov for vidare undersøkingar, og nokon vil få påvist polyppar eller kreft.

## Kva er effekten av tarmscreening?

Vi har ikkje sikre tal for kor effektiv screening med test for blod i avføringa er, men vi antar at risikoen for å døy av tarmkreft blir redusert med rundt 25%.

## Det vil seia at

- 3-4 av 1000 55-åringar vil døy av tarmkreft i løpet av 10 år utan screening.
- 1 av desse kan unngå å døy av tarmkreft ved å delta i screeningprogrammet.


Dessutan vil fleire krefttilfelle bli oppdaga på eit tidleg stadium. Då blir behandlinga som regel langt mindre omfattande.



## Kven bør ikkje delta?

Dersom du er i eit kontrollopplegg med koloskopi til dømes for kreft, polyppar eller inflammatorisk tarmsjukdom, treng du ikkje delta i Tarmscreeningprogrammet.

Har du alvorlege kroniske sjukdommar, kan ulempene vera større enn nytten ved å delta. Er du usikker på om dette gjeld deg, bør du snakka med fastlegen din om tarmscreening er aktuelt for deg.




### Test for blod i avføringa

Kreftsvulstar og polyppar kan blø. Screeningstesten kan påvisa små mengder blod i avføringa som du ikkje kan sjå sjølv. Prøvetakingsutstyr og rettleiing får du sendt til deg i posten. Prøva tar du sjølv heime. Deretter sender du prøva til laboratoriet for analyse.

Av 1000 personar som sender inn avføringsprøve, vil om lag 65 få beskjed om at det er påvist blod over grenseverdi i avføringa. Dei vil få tilbud om vidare undersøking med koloskopi på sjukehus.

#### Koloskopi

er ei undersøking som blir gjennomført på sjukehus. Ein brukar ein tynn slange med eit lite kamera på tuppen, som blir ført inn gjennom endetarmen. Dette blir gjort for å undersøka innsida av tarmen.



Ved koloskopi kan ein ta vevsprøver i tarmen for å stilla diagnose, og ein kan fjerne polyppar. Ved å fjerne polyppar kan ein hindre at dei seinare utviklar seg til kreft.

Dersom det ikkje blir funne blod over grenseverdi i avføringa, vil du få tilbod om ny avføringsprøve kvart andre år inntil du fyller 65 år. Ved å gjenta testen aukar ein moglegheita for å avdekka kreft og forstadium til kreft i tarmen.

#### Er dette noko for deg?

Deltaking i Tarmscreeningprogrammet reduserer sjansen for å døy av tarmkreft. Men hos dei fleste som blir undersøkte, finn ein ikkje noko gale. Tarmscreening kan likevel ha ulemper.

- Nokon kan føla uro medan dei ventar på resultatet av avføringsprøva eller time til koloskopi.
- 1 av 4 opplever smerter under koloskopien. Ein kan då få tilbod om smertestillande medisinar.
- Koloskopi og fjerning av polyppar inneber ein risiko for komplikasjonar. Ved om lag 1- 7 av 1000 koloskopiar kan det oppstå komplikasjonar som bløding eller hol på tarmen.
- Screening kan påvisa kreft og polyppar som elles ikkje ville ha gitt deg plager i løpet av levetida di.
- Ved å delta i screeningprogrammet kan du derfor få behandling du eigentleg ikkje treng.
- Ein finn ikkje alle kreftsvulstar eller polyppar ved screening. Å delta i screeningprogrammet er derfor ingen garanti mot å få tarmkreft seinare i livet.

